



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 32/2014

Møtedato: 18.11.15

Møtestad: Slidretun

Saksbehandlar: Harald Ranum

Vaset, detaljreguleringsplan for utbyggingsområde S2 - høyring

Formannskapet har lag ut privat detaljreguleringsplan med utbyggingsavtale ut til 1. gongs offentlig høyring

I følgjebrev frå kommunen står det følgjande:

Formannskapet la ut privat detaljreguleringsplan med utbyggingsavtale ut til 1. gangs offentlig høyring i møte den 17.09.2015 (sak FS-62/15).

Reguleringsforslaget legger opp til utbygging på regulert område S2 som er godkjent gjennom Vasetlia hyttegrennd – godkjent 30.05.2002. Det ble i opprinnelig reguleringsplan lagt ut til næringsområde, men er senere godkjent omdisponert til fritidsbolig/turistformål utan utleioplikt, der kravet var «tett utbygging» - noe som det nå framstår som.

I planframlegget legges det opp til ca 20 bygninger, med totalt ca 30 bruksenheter. Dette er da i tråd med det som defineres som «tett utbygging». Planen er levert som en flateplan, der illustrasjonsskissen vil bli godkjent som et vedlegg til planen som styrer bebyggelsen. Eventuell endringa av byggtipe/plassering av bygg krever ny godkjenning av illustrasjonsskissen i formannskapet.

Eventuelle merknader til planframlegget eller utbyggingsavtale/privat avtale må sendes skriftlig til Vestre Slidre kommune – LNT, Slidrevegen 16, 2966 Slidre innen 6 uker, dvs innen 24.11.2015.

Kommunen har tidlegare gjort følgjande vedtak:

I sak KS-49/11 ble det den 22.09.2011 fatta følgjande vedtak: Vestre Slidre kommune gjer følgjande prinsippvedtak/ definisjon for bruk av regulerte næringsområde (blå områder) i Vasetområdet: 1. Kommunen meiner følgjande områder kan nyttast til leilegheitsbygg/ konsentrert utbygging av bueingingar: S1 og S2 i reguleringsplan for Vasetlia, S10/ FN1 i forslag til reguleringsplan for Vaset Alpinområde. Kommunen vil presisere at reguleringsføremålet er næring, og at utleige av bueingingane er i tråd med definert arealbruk for området. Kommunen vil i mindre grad legge vekt på krav om tvungen tilbakeleige av einingane, under føresetnad av at utbygginga vert konsentrert.

Framlagt plan med endring til konsentrert utbygging i S2 er i samsvar med føringane vedteke i KS-49/11. Dette er derfor ikkje eit punkt det er naturleg for fjellstyret å uttale seg til.

Kommunen ynskjer å leggja tilrett for at heile arealet kan gjerdast inn.

Ang inngjerding §1. punkt 1.4 i forslaget lyder som følger:

”Det er ikkje tillate å etablere gjerde rundt bygningene, men inngjerding av heile planområdet kan tillatast etter søknad til formannskapet. Rettighetshavarar/andre brukarar av planområdet/nærområdet skal høyrast før det vert fatta vedtak om inngjerding. Gjerdet skal ikkje hindre fri ferdsel. Grindar, som slår utover, må etablerast ved naturlige ferdselspunkt. Gjerdet kan ikkje være høgare enn 1,2 m.”

I saksutgreiinga står det følgjande om reglar om inngjerding:

Her foreslås det en ny bestemmelse om mulighet til inngjerding av hele planområdet. Dette er ikke gjort før i Vestre Slidre kommune, og en poengterer at dette kan ha privatrettslige konsekvenser i forhold til beiterettshavere m.v. Samtidig er dette en bedre løsning dersom det skal føres opp gjerde, sett i lys av alternativet med gjerde rundt hver enkelt bruksenhet, men bakgrunn for gjerde må/bør være beiteplager, og ikke å sikre mot innsyn/ferdsel.

Beitedyr i utbyggingsområde er eit problem både for huseigar og husdyreigar. Løysinga som er skissert kan kanskje ha noko for seg, men det er tidlegare ikkje prøvd ut i Vestre Slidre. Eitt slikt område er kanskje ikkje problematisk, men det er ikkje uproblematisk om større deler blir gjerdast inn slik. Dette gjeld både utøving av beiteretten og for ferdsel i området. Sjølv om det er krav til grinder, vil gjerde alltid føre til at området blir meir privatisert. I tillegg til ev. kommunale reglar skal festar også ha godkjenning frå Statskog for inngjerding i statsallmenning, etter fjellstyret har uttala seg. Inngjerding av fritidsfeste i statsallmenningen blir normalt berre godkjent i beiteområde. Normalt har slike løyve vore midlertidige og løyve har kunne trekkast tilbake om tilhøva endra seg.

Kommunal saksbehandlar presiserar at dette kan ha privatrettsleg konsekvensar for beiteretten. Det er fjellstyret som forvaltar beiterettane i statsallmenningen og skal ivareta dei. Beiterettane blir reduserte ved ei inngjerding, men det må vegast opp mot dei ulemper det er med eit uinngjerda område. Fjellstyret bør vera positive til eit forsøk med å kunne gi løyve til inngjerding. Det bør vera ein føresetnad at løyvet er midlertidig

slik at det kan trekkast tilbake om tilhøva tilseier det. Fjellstyret vil også vera part ved kommunal høyring i samband med søknad om inngjerding.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret har ingen merknader til planen utanom at ev. løyve til inngjerding må vera midlertidig slik at løyve kan trekkast tilbake om tilhøva tilseier det.

Vedtak:

Fjellstyret har ingen merknader til planen utanom at ev. løyve til inngjerding må vera midlertidig slik at løyve kan trekkast tilbake om tilhøva tilseier det.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 19.11.15

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune
Statskog